



God påske!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:

Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087 eller til Vipps-nr 594582. Merk: «Blad-pengar»

Postadresse:

Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:

57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:

www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:

printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i midten av juni. Stoff kan sendast til hw867@kyrkja.no innan 8. mai.

Foto på framsida:

Stort bilete:

To konfirmantar i sumobryting på konfirmantleir. Foto: Vegard Bondevik Lie

Lite bilete-venstre:

Snøkrystallar på Hafslø.
Foto: Birte Husum

Lite bilete-høgre:

Påskeliljer. Foto: Bo Mathisen / Den norske kirke

ANDAKT:

- Hæ?! Går Jesus tett ved sida mi?

Ei av forteljingane i Bibelen om oppstoda handlar om dei to læresveinane som vandra til byen Emmaus og fekk følgje av den oppstadne Jesus på veggen. (Luk. 24, 13-35)

Dei kjende ikkje igjen Jesus, desse to vandrarene. Ganske forunderleg i grunnen. Dei burde no ha skjøna sopass. At Jesus gjekk ved sida av dei. Men dei gjorde ikkje det.

Er det slik med oss også? Eg får assosiasjonar til Jesu forteljing i Matteusevangeliet: «Det de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg».

..eller «Det de ikkje gjorde mot ein av desse minste, det har de heller ikkje gjort mot meg».

Vi kjenner ikkje alltid igjen Jesus vi heller.

Ein «slager» i kyrkje og bedehus dei siste tiåra heiter «Tett ved sida mi går Jesus, alltid vil han vera der». Desse to karane som var på vandring til Emmaus på ettermiddagen den aller første påskedag hadde Jesus tett ved sida si. Men dei oppdaga det ikkje der og då. Ja, dei syntest til og

med at han ikkje var heilt på nett. Eg ser for meg korleis dei to karane løfter overberande på augebryna til kvarandre over denne tomsingen som ikkje har fått med seg kva som har skjedd i Jerusalem dei siste dagane. Alle visste jo det! «Du må vere den einaste som ikkje har fått det med seg!»

Men Jesus lot seg ikkje affisere. Han let dei fortelje si historie, korleis dei hadde opplevd dei siste dagars hendingar.

Jesus lytta. Og Jesus vandra saman med dei.

Det er ikkje alltid vi ser det. Jesus lyttar. Og Jesus vandrar saman med oss. «Tett ved sida mi går Jesus», men det er ikkje alltid eg skjønner at det er han. «Tett ved sida mi går Jesus», og der har han tenkt å gå!

Det er den oppstadne Jesus som går attmed oss.

God påske!

Vegard Bondevik Lie
Sokneprest (Leikanger, Norum og Kaupanger)

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå nettsidene våre, www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalender med dei neste fire stofffristane.

For 2026 er det tre utgåver til:

Sommar – Frist: 8. mai
Haust – Frist: 14. August
Jul – Frist: 16. oktober



Illustrasjonsfoto: Kirkerådet

NOKO Å TENKJE PÅ

Når kyrkjeklokkene ringjer, er det eit teikn på at det vert laga til ei samling i kyrkja. Klokkene kallar oss saman, og minner oss om å kome. Når vi møter til kyrkje, er det mellom anna tid for å vere stille saman. Då samlar vi oss om det vi møtast til, anten det er gudsteneste, gravferd, konsert eller vigsl.

Kyrkjeklokkene kan hjelpe oss til å finne ro, samle seg og tankane sine. Når klokkene ringjer i starten av en seremoni, er det ikkje tida for samtale med «sidemannen» - kanskje den som sitter ved sida di, ynskjer ei stille stund òg?

Å vere stille saman, og ikkje samtale, kan vere vanskeleg for mange. Så kan det vere ei øving for oss, dei gongene vi sit i kyrkjerommet og kyrkjeklokkene ringjer, at vi er stille saman.

Det er samtidig eit ynskje at det skal vere godt å komme inn i kyrkjerommet, bli møtt og sett. Kyrkjevertane eller andre som møter deg i døra, har dette som si oppgåve, å ynskje deg velkommen.

Vi har behov for å snakke saman når vi møtast, anten ein kvardagsleg prat, eller ein samtale av djupare art. Difor er det mellom anna lagt til rette med kyrkjekaffi etter mange av samlingane vi har i kyrkja, fordi vi treng å møtast og snakke saman.

Vi trur det er fint med ei balanse av velkomst og stille, som respektfullt tek vare på det vi har føre oss, når vi møtest til kyrkje.

Sjølvsagt vert ikkje alt likt kvar gong vi møtast i kyrkja. Nokre gonger møtast vi til liv og røre, andre gonger er det meir alvorsamt. Like fullt kan vi tenkje på at det kan vere godt å vere stille og samle tankane ei stund.

SORGARBEID

Kyrkja og sokneråda legg vekt på at kyrkja skal gi tilbod om samtaler og sorggruppe til etterlatne etter dødsfall. Når dette bladet går i trykken er det akkurat avslutta ei sorggruppe, som starta i november i fjor.

Erfaring og forskning viser at det kan vere krevjande og vanskeleg

for mange etterlatne sjølv å ta kontakt, og melde at dei treng nokon å samtale med, anten åleine eller i gruppe. Det er dessverre ikkje mogleg for oss som arbeider innanfor dette feltet, å ringje og kontakte alle etterlatne. Vi har ei uro for at mange er aleine om sorga si, og ikkje får den støtta og hjelpen dei kan trenge. Vi kan ikkje understreke nok at det skal vere enkelt å ta kontakt med oss viss dette gjeld deg. Det er då vårt ansvar å halde kontakt med deg viss du ynskjer det, og avtale samtaler vidare. Samtaler kan foregå på kyrkjekontoret eller i din heim, slik det passer deg best, og sorggruppa har sine samlingar på kyrkjekontoret. Sorggruppa startar når det er minimum 5 deltakarar. Det er gode tilbakemeldingar på korleis det er å vere med i ei gruppe, der du får snakke om det du er oppteken av i forhold til den du har mista og korleis dette er for deg.

Gitte Therkelsen Torstad
Soknediakon



Sidan i haust har det vore mørkt rundt Leikanger kyrkje på kveldane, etter at flamlysa måtte koplast frå. Fellesrådet er no i gang med eit større prosjekt rundt kyrkja, der mellom anna betre belysning er ein del av tiltaka. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Nytt frå fellesrådet

So var me komne til 2026 – nytt år og nye moglegheiter!

Fellesrådet har vedteke mange nye planar for året me nyss har gått inn i. Planar som omfattar mykje pengar, innhenting av løyve frå vernestyresmakter og stramme prioriteringar.

Ringeanlegget på Stedje kyrkje er utdatert og treng oppgradering. Dette er me allereie i gang med og det vil stå klart i løpet av våren.

Lysa langs grusvegen på Husabø gravplass er dårlege og må skiftast ut. Flaumlysa på Leikanger kyrkjegard måtte takast vekk i haust på grunn av brot på kablar og jordfeil. Det vart kortslutning når dei stod på, og då

kutta dei straumen inn til kyrkja. Me arbeider no med eit prosjekt det me vil sjå på lyssetjing kring Leikanger kyrkje og kyrkjegard i ein heilskap, og då er planen samstundes å utbetre grusgangane. Dette blir eit litt større prosjekt med nye flaumlys, lyssetjing av grusgangar og utbetring av desse, port ved nedre del av kyrkjegarden, og lys og ny oppslagstavle ved hovudporten inn til kyrkja. Kyrkjegarden nærast kyrkja er rekna som mellomaldergravplass, så her må det løyve på plass før ein kan gjere endringar.

På Ølmheim må også grusvegen på nedre del av kyrkjegarden

utbetrast og ei rekkje med kantstein må flyttast. Her er det også ynskjeleg å skifte ut det gamle flaumlysanlegget med halogenpærer til eit lysanlegg med LED. Denne delen av gravplassen er også rekna som mellomaldergravplass.

Lydanlegga i Kaupanger stavkyrkje og Ølmheim kyrkje er i ustand. Det vert difor arbeidd med å få på plass nye lydanlegg her.

Me gjorde også ein avtale i fjor med Vestlandshus om å gå synfaringsrundar på bygga våre. Dei er i gang med arbeidet der me vil få ein tilstandsrapport

frå dei enkelte kyrkjene. Tilstandsrapporten vil vise behova for vedlikehald og kva som bør prioriterast. Rapportane vonar me vil gi oss eit godt grunnlag for vidare planar, men også som viktig grunnlag for søknader om løyve til utbetringar frå vernestyresmaktene. Som kjent er alle dei 8 kyrkjene våre anten freda eller listeførte av Riksantikvaren.

Fellesrådet skal i fylgje retningslinjene årleg møte dei tilsette, og her har det vore ein tradisjon at dei tilsette vert invitert til julemiddag saman med fellesrådet på deira siste møte for året. Denne gongen var fellesrådet sitt desembermøte lagt til Ølmheim kyrkje,

og julemiddagen vart ein triveleg kveld på Ølmheim gard og siderhus. Me fekk nydeleg mat og ei skikkeleg triveleg stund i lag. Stor takk til Sigrid og Endre for godt vertskap!

2025 var eit travelt år for fellesrådet og dei tilsette, og med alle planane som er lagt for 2026 ser det ut til å bli likeså i år. Det er mykje som er planlagt av aktivitetar framover og me håpar å sjå at mange vil bli med og delta på dei.

Me vil ynskje alle eit retteleg godt nytt år!

Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje

NY PREST FOR UNGDOM OG UNGE VAKSNE

Frå august får Sogn prosti spesialprest for ungdom og unge vaksne. Den nye presten heiter Kristoffer Viste Byberg, og har sidan i fjor haust arbeidd som ungdomsprest/konfirmantprest i Domkirken menighet i Bergen.

Han har mangfaldig erfaring med ungdomsarbeid, både som frivillig og som kyrkjeleg tilsett. Han fullførte profesjonsstudiet i teologi samt praktikum våren 2025.

Kristoffer har heile Sogn prosti som arbeidsområde, men vil ha kontor og tenestestad i Sogndal. Han startar opp i midten av august.

Vi gler oss!

Innsamling til restaurering av orgelet i Tjugum kyrkje



Olsen & Jørgensen-orgelet frå 1905 i Tjugum kyrkje treng omfattande restaurering. Vi er no i gang med å samle inn pengar slik at orgelet kan bli restaurert.

Sjå www.sogndal.kyrkja.no/tjugum-orgel for informasjon om korleis du kan bidra til at orgelet vert restaurert.

 DEN NORSKE KYRKJA
Balestrand sokneråd



Huseby-salmeboka utegløynd?



Huseby-salmeboka: Sommaren 2006 vitja systrene Roberta Trowbridge (1941-2021) og Jeanette McGuire (1939-2023) Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Dei var storleg begeistra over å kunna bli i salmeboka som oldefaren, Olaf Huseby, ga ut på Huseby & Co.s Forlag, Kristiania, desember 1893. (Foto: Fylkesarkivet i Vestland)

Ja, det kan sjå slik ut. Den første Landstad salmebok med salmar på nynorsk, 150 stykke – over 200 000 eksemplar i åra 1893-1903.

Denne «Huseby og Olsens» salmebok var et utmerket fortagende (...) når man skal gjøre rede for den stilling som Blix-salmene – og de andre nynorske salmer – inntar i dag [1933], bør den nevnte salmeboksutgaves betydning ikke glemmes. (John Stene: Vår evangeliske salmeskatt (1933))

Første veka i januar fekk eg e-post frå redaktøren i Kyrkjelydsbladet. Han takka for eit salmehistorisk innspel eg hadde sendt dei, etter eit interessant stykke om Nynorsk

salmebok 100 år i oktober-nummeret. Eg føreslo då å følgja opp med noko om systrendingen Olaf Huseby si salmebok med nynorske salmar (1893), som eg tykte passa godt å minnst i Nynorsk salmebok-året 2025. Redaktøren vedgjekk at Olaf Huseby og salmeboka hans var heilt ukjent for han. Men dette ville han nå få «ut og fram.» Og spørsmålet var om det kunne «vera aktuelt for meg å skriva ein artikkel» til kyrkjelydsbladet.

Olaf Huseby – ga ut 200 000 salmebøker

Eg òg var heilt ukjend med Olaf Huseby (1856-1941), husmannsønen frå Systrond, som blei forleggjar i Kristiania, heilt til pensjonert redaktør Einar Svartefoss ein dag i 1992 «banka på døra mi» på Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Han hadde med kopiar av eit tjuetals brev Olaf Huseby hadde sendt avisa Sogn og Fjordane i 1930-åra. Huseby budde då i Amerika. Eit av breva

handla om Huseby-salmeboka. Då Olaf Huseby i 1903 utvandra til Amerika, hadde han medverka til å spreia over 200 000 salmebøker med Elias Blix sine 150 *Nokre salmar* utover i heile Norges land.

Svartefoss sitt besøk blei starten på leiting etter Olaf Huseby-kunnskap. Og me fann, me fann. Etter kvart kom arbeidet til syne i eit par artiklar i fleire publikasjonar, og dessutan i Fylkesarkivet sitt Kulturhistorisk leksikon, no Fylkesarkivet i Vestland sin nettstad Kringom. no – kunnskap om landskap. *Olav Huseby – ein særmerkt systrending* er med i overskrifta på ein artikkel av redaktør Einar Svartefoss i sogebladet Systrendingen.

Kom ikkje til syne i jubileumsåret

Men no, mange år seinare, når me har jubileumsåret for Nynorsk salmebok 100 år bak oss, kan det likevel sjå ut til at Huseby-salmeboka ikkje kom til syne i jubileumsåret, som ein kunne ha venta. Olaf Huseby si salmebok med 150 salmar på nynorsk i 1890-åra var nemleg eit krafttak på ein lang veg, fleire ti-år, fram til Nynorsk salmebok i 1925. Dei første nynorsk-salmane kom år 1869, eit hefte med tittelen *Nokre salmar*, 13 stykke. Seinare kom fleire utgåver, med fleire salmar, og det blei kjent at det var professor dr. Elias Blix som stod bak. Den 4. mars 1892 kom kongeleg resolusjon som godkjende *Nokre Salmar* til kyrkjebruk. Og det var då Olaf Huseby og forlaget hans i Kristiania slo til, med ny salmebok som inneheldt *Nokre salmar*, då 150; men ikkje berre det, salmeboka inneheldt også noter til melodiane, kapittel om kyrkjesalmebøker og salmediktningar, kyrkjemusikarar og kyrkjemusikk, kyrkjebyggningskunst og kyrkjer; med eit hundretals portrett og bilete.



Tittelbladet i «N.B. Landstads Kirkesalmebok og «Nokre Salmar», første utgåva, desember 1893

Omtale i mange aviser og blad

Den nye salmeboka kom ut i desember 1893, og det kom meldingar i mange aviser rundt om i heile landet. Huseby-salmeboka hausta lovord (men og motbør, frå riksmålsfolk). Til dømes var redaktør i avisa Eidsvold, kand. theol. Peter Helgevold, mektig imponert. Han byrja meldinga med: *Paa Huseby's & Co's Forlag her i Kristiania er der nu udkommet en interessant og høist verdifull Udgave af Landstads Salmebog. Og slutta med: Husebysalmebogen slaar simpelthen alle andre Udgaver af Landstads Salmebog fuldstændig af Marken.*

Og den nye salmeboka var førsteside-oppslag i Dagbladet, signert M.J. Færden. *Huseby's Kirkesalmebog er et absolut nyt og originalt Salmebog*, skriv han, og fortel utførleg om innhaldet. Noko av det nye er at salmeboka har noter, *Melodier inde i Texten*, noko han trur vil *vil hjelpe Salmesangen frem*, medverka *til større Deltagelse*. M.J. Færden, då prost i Norderhov på Ringerike, sluttar med desse orda: *Allerede i den Skikkelse, hvor i*

denne Salmebogsudgave nu foreligger, er den et Nationalverk, (utheva her) som vort Kirkefolk kan omfatte med Glæde og store Forhaabninger.



Olaf Huseby. Portrett i avisa Sogn og Fjordane, 16.12.1936. Det står at avisa hadde fått portrettet frå Huseby, og at det på baksida stod skrive: *Olaf Huseby, fødd des. 12 1856, portrett teke juli 3. 1936, 79 ½ år gamal; støp på handi, lett på foten, arbeidsfør – enno.*

Olaf Huseby om salmeboka si – «Eg vilde hjelpa til ...»

Olaf Huseby har sjølv fortalt om salmebokprosjektet sitt ved to høve; i eit brev til avisa Sogn og Fjordane år 1936, og i stykket Attersyn og kringsjå i festskrift til Olaf Norli 1933.

Brevet til avisa Sogn og Fjordane (02.11.1936) har overskrift «På misjonsferd for norskt i Norig». Huseby fortel om ei ferd med hest og kjerre på Austlandet, i 12 veker, for å gjera salmeboka si kjent og for å selja. I eit lite avsnitt er Huseby og innom barndomsbygda: *Eg torer trygt seia, at aldri hev ei slik salmebok komi ut i noko land! Og hadde Leikanger-kyrkja kunde tala, so vilde ho segja seg glad over at det var ein Leikanger-gut, kristna [døypt] og konfirmera hjå henne, som gjorde opphavet til at norsk salmesong kom innatt i den gamle kyrkja, som aldri hadde høyrte anna enn munke-latin, tysk og dansk mål i 750 år!*

I festskriftet nemner Huseby kyrkjespråket i mellomalderen, og at tyske salmar hadde vorte omsette til dansk som fylgje av Reformasjonen.

Og dette skulde sogning, gudbrandsdøl, telemarking og sætesdøl syngja. Og presten preika på dansk, og fut og skrivar og lensmann skreiv dansk-tysk. Og til slutt vart det fint å tala dansk, men stygt å tala norsk i Norig Jamvel norske bondemenn som vart «vakte» og byrja å preike, måtte freista tala dansk i bondestovene i Norig! (...) Men so fekk Norig ein salmediktar med verkeleg salmetone på norsk mål - den lærde, stillfarande, professor dr. Elias Blix, frå Nordland.

No er Kyrkjelyd-utgaaerne av Landstads Salmebok med „Nokre Salmar“ ferdige i 100,000 ekspl. Rikt innald, tydeleg trykk, høveleg storleik, lunge prisar. — Plikt for kvar ein, som vil stytja song og norskt maal i Norig aa kjopa berre desse utgaaer; plikt for kvar maalmann aa arbeida for deira bruk i kyrkje og skule.

Men kvar vert det av vestlendingarne? Rygarne? Hordarne? Hardingarne? Sogningarne? Raumarne? Moringarne? Dei stend ferdige til aa bruka „Nokre salmar“ i kyrkja, hev det vore skrive. Kor lengje vil dei berre standa ferdige? Ein varmhuga og dugande maalmann kann vel ikkje gjera betre i si bygd en aa faa norskt maal inn i kyrkje og skule. Eg bed um samarbeid med alle slike menn. Srvv etter den nye prislista mi.

Forlagsbokhandel og prenteverk i Kristiania, Storgata 19.

Olaf Huseby.

Landstads Salmebok med „Nokre Salmar“.

Desse salmebøkerne, som Olaf Huseby no lyser ut, er aa faa i ymse band og til ymse prisar hjaa

Johannes Grøvlen,
Sogndal.

To annonser i bladet Ungdom, som kom ut i Sogndal, 11. juni 1898. Olaf Huseby byr på nye utgåver Landstads Salmebok med «Nokre Salmar» og ber målmenn på Vestlandet om å arbeida for å få «norskt maal inn i kyrkje og skule» ved å kjøpa salmebøker. Handelsmann Johannes Grøvlen i Sogndal annonserer at Huseby-salmebøker er å få kjøpt hjå han. Brørne Johannes og Øystein Grøvlen frå Guddalen i Sunnfjord tok til med landhandel i Sogndalsfjæra i 1889. I dag finst eit minne etter Grøvlen-brørne i Nedste Fjæra, ein vegstein med Grøvlen bro og årstalet 1901 innhogge.

OLAF HUSEBY (1856-1942)

- Fødd 12.12.1856 i Leikanger.
- Sogndal folkehøgskule 1871/1872.
- Eksamen ved lærarskulen på Stord 1875.
- Lærer ved Brevig borgerskole 1876–1879.
- Arbeidde i Cammermeyer Boghandel, Kristiania 1879-1881.
- Arbeid og studieopphald i Leipzig, opphald i England 1881–1883.
- Starta bokhandel saman med Olaf Olsen (Norli) 1883.
- Forleggjar og bokhandlar i Kristiania 1881–1903.
- Utvandra til Amerika 1903.
- Publiseringsarbeid i Amerika.
- Døydde 03.10.1942 i Hillsdale, Michigan (USA).

Huseby fortel at han kjende professorane Elias Blix og Anton Christian Bang, (den siste kyrkjestatsråd i åra 1893-1895). Det kom sjølv sagt vel med når byråkratane i kyrkjedepartementet skulle handsama søknaden hans om å gje ut ei ny salmebok med salmar på nynorsk og fleire kyrkjhistoriske tillegg. *Soleis bar det til, fortel Huseby, at eg laga denne salmeboki (...) Eg vilde hjelpa til, at norske salmar kunde verta høyrde i norske kyrkjer. Det var ikkje for tidleg!*

Stilt i Stille Stunder

Bladet Stille Stunder – for heimen og skulen og kyrkja, hadde i jubileumsåret Nynorsk salmebok 100 år fleire salmehistoriske stykke. Men det var heilt stilt i Stille Stunder om Huseby-salmeboka, ikkje eit einaste ord; noko eg finn underleg, all den tid same bladet i 1894 hadde oppslag om den nye salmeboka. Presten Johannes Barstad på Sunnmøre melde at at det på *Huseby & Komp. sitt Forlag* var komen ei ny og *merkjeleg* utgåva av Landstad salmebok (desember, 1893). Det nye med Huseby si salmebok var at ho hadde med Elias Blix sine etter kvart godt kjende salmar på nynorsk, og i tillegg noter, bilete og omtale av salmediktarar, tonediktarar og kyrkjer. Barstad hadde ennå ikkje fått boka i hende. Han såg fram til det, for, som han skreiv; *ho skal vera reint merkjeleg* (verd å merkja seg).

Hermund Kleppa

Tekst

Kjelder:

- Svartefoss, Einar: Ein særmerkt systrending – åndskjempa Olav Husaby. I Systrendingen, 1/1994.
- Huseby, Olaf: Attersyn og kring sjå (...). I Olaf Norli – et festskrift (...). 1933.
- Bokhandler og forlegger Olaf Huseby. I Store norske leksikon.
- Kleppa, Hermund: Sogningen Olaf Huseby – forleggjar i Kristiania og Amerika. Nettstaden Kringom.no – kunnskap om landskap.
- Kleppa, Hermund: (...) Huseby-salmeboka. Nettstaden Kringom.no – kunnskap om landskap.
- Nasjonalbiblioteket/Nettbiblioteket: Fleire publikasjonar.

God stemning då over 90 konfirmantar var på leir



Dei to siste helgane i januar var konfirmantane i Leikanger, Norum, Kaupanger, Fjærland og Sogndal på konfirmantleir på Lyngmo. Tema for helga var «På lag med Gud og kvarandre» - og det var me - heile helga!

Konfirmantar frå dei fem nærliggjande bygdene fekk vere saman og bli betre kjent med kvarandre gjennom lek både inne og ute, måltidsfellesskap, undervisning, samtalar, sang og bøn. Me hadde rebusløp om dei ti boda, bønevandring der me såg og fekk erfare ulike måtar å be på, og så song me mykje. Laurdags ettermiddag var det gudsteneste.

Utekontakten i Sogndal, May Britt Sva og ein erfaringskonsulent var tilstades på den siste leiren og

snakka om farane ved rus. Dei kom med ei sterk oppmoding om å ta vare på kvarandre, om å snakke om det som er vanskeleg og å forstå at rus kan føre til avhengigheit.

Leir er fint på mange måtar, me får mykje tid til berre å vere saman, og det trur eg me alle kjente var fint. Ein konfirmant vinka meg bort til seg og spurte: «Skal me ha fleire slike leirar?» Eg tenkjer at det kan vere ei god oppsummering på det me har vore saman om på leir.

Lyngmo er ein flott leirstad, fine og gode fasilitetar, god mat og god service – tusen takk for oss!

Astrid Bondevik
Sokneprest (Stedje og Fjærland)





Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon bidreg norske kyrkjelydar til at menneske kan få livsviktig støtte. Tsion (12) og Gaba (13) har fått reint vatn i landsbyen i South Omo sør i Etiopia. Foto: Kirkens Nødhjelp.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylla kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint,

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON ER:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkje-lydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.-24. mars.
- Temaet er: **Håp i ein drope vatn.**
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

ETIOPIA

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- **Plassering:** Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- **Innbyggjarar:** 132 millionar.
- **Hovudstad:** Addis Abeba.
- **Religionar:** Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD).

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stanser vatnet her, fortel Gedewon Teka, vasseksperert ved Kirkens Nødhjelps

landkontor i Etiopia.



Endeleg kan innbyggjarane i landsbyen drikke reint vatn. Det gir betre helse, og jentene får meir tid til skule. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er eit viktig bidrag.

Foto: Kirkens Nødhjelp.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på

vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Åsne Gullikstad
Tekst

Håvard Bjelland
Foto

Artikkelen stod også på trykk i Sogndal kyrkjelydsblad nr 4-2025, men vi trykkjer den på nytt med informasjon om fasteaksjonen lokalt: Håp oss vil konfirmantane gå rundt tysdag 24. mars. Ta vel imot dei!

Vetlefjorden kvinneforeining for Det norske misjonsselskap 150 år

Vi er 12 med stort og smått som møtest 1 gong om månaden rundt omkring i heimane i Vetlefjorden. Då har vi andakt og misjonsinformasjon frå ulike felt rundt omkring i verda. Likevel har vi særskilt følgt med og bedt for Frode Brugger Sætre sitt arbeid blant Fulani-folket i Mali og landa omkring. Vi får forbønsemne på sms frå «Gunn» og les om misjonsarbeid gjennom misjonsbladet Misjonstidende.

Vi gjev pengar på ei gamal bøsse som lærar Ivar Mundal laga . Han leia foreiniga ei tid. Etter å ha granska gamle kyrkjelydsblad har vi komme til at foreininga i år fyller 150 år. Vi vil feire jubileet 14. juni og då kjem Frode Brugger Sætre på besøk. I samband med dette vert det misjongsudsteneste på Stølsberg.

Kyrkjelyden i Balestrand har misjonsavtale med NMS, og stør misjonsprosjekt hans.

Kjersti Brudvik
Tekst og foto



Annonse

Ledige kontor på Stedjetunet



Er du på jakt etter kontorlokale i Sogndal? Stedjetunet har ledig 4 kontor i 3. etasje frå 1. mars. Du får med flott beliggenheit, fint kontorfellesskap og ei fantastisk utsikt!

For meir informasjon, ta kontakt med:
Ove Bukholm (tlf 40 40 26 92) eller
Aud Marie Stundal (tlf 95 25 81 70)
Sjå <https://stedjetunet.no/kontorareal/>



Konfirmasjonar i Sogndal våren 2026

Med atterhald om endringar. Konfirmasjonane er sorterte på gudstenestedato, kyrkje og førenamn på konfirmanten. Konfirmantlistene vert også publiserte i Sogn Avis og på nettsidene våre.



Foto: Egon Askvik

TJUGUM KYRKJE

Laurdag 2. mai kl. 11.00
Agnes Elida Nilsson
Ingeborg Menes
Jhon Yonas
Jonas Kleppe Holgersen
Sindre Nesse

VAR DU KONFIRMANT I 1976?

Søndag 7. juni kl. 11.00 er det gudsteneste i Ølmheim kyrkje der dei som vart konfirmerte i 1976 er særskilt inviterte. Jubileet er felles for sokna Norum, Kaupanger og Stedje, og alle 50-års-konfirmantane frå desse sokna vil få skriftleg invitasjon til gudsteneste og felles middag på eit av hotella i Sogndal etterpå.

Vel møtt!

ØLMHEIM KYRKJE

Søndag 3. mai kl. 11.00

Andreas Sætre
Theo Hjelmseter Molland

KAUPANGER STAVKYRKJE

Torsdag 14. mai kl. 10.00

Alva Moen Rebni
Amalie Steig Havnen
Celine Farnes Oksnes
Diana Gadlauska
Emil Olstad Nondal
Emma Veum
Ida Hauståker

Torsdag 14. mai kl. 12.30

Daniel Reppen Bakketeig
Emilie Sofie Høgheim Olstad
Fillip Hjelleflat Bjørk
Gard Flugeim Grønsberg
Isak Hilleren Vadheim
Joakim Aasen Engebø
Lovise Granmo Eidsnes
Magnus Knutzen Knagenhjelm
Tilda Nummedal Engebø

STEDJE KYRKJE

Laurdag 9. mai kl. 10.00

Aleksander Fardal
Eirik Aalbu
Eline Pettersen Høyland
Gjermund Husum
Isabel Bøthun
Jørund Rundsveen Nerberg
Kaia Barsnes
Kristian Øvretun
Leander Vikheim Sætre
Maria Hågvar
Marie Nyvoll Aadland
Oda Navarsete Husum
Robin Ovrid Loven
Sigrid Munthe Olsen
Thea Haug
Tuva Dingsøy Eide

Laurdag 9. mai kl. 12.30

Alexander Holen Vatsaas
Eirik Henjum-Reppen
Erle Gulbrandsen Langeteig
Even Vattestad
Fredrik Sjøthun Heggstad
Ine Drageset Ellingsen
Jenny Rygg Walnum

Jøran Lien Molland
Kristian Lereim
Leah Ugulen-Resaland
Natalie Brusegard Kvam
Ole Håkon Gunvordal
Thelma Ruud Westgård
Tilde Øyri Thue
Tiril Aksnes Skjeldestad
Tiril Habbestad Skorve
Trym Blom Almås

Søndag 10. mai kl. 11.00

Casper Max Solnes Berg
Daniel Standnes
Eirik Sægrov Binningsbø
Ingvil Barsnes
Jenny Slinde
Live Nedrelo Kyrkjebø
Madelen Selseng Bøyum
Markus Flugheim
Mathias Wiborg Røysum
Nikolai Svori Moe
Pernille Kvam
Sam Norheim Grift
Thomas Kyrkjebø Nesset
Trym Sadek

LEIKANGER KYRKJE

Laurdag 23. mai kl. 11.00

Eirin Villand Alme
Elida Berge Jørgensen
Emmelin Røysum
Leah Reksnes Randen
Linnea Havnen Borlaug
Sara Røysum

Søndag 24. mai kl. 11.00

Christian Haugen
David Matheus Karlsen
Johansen
Elias Fredheim Espe
Håvard Brennset Gjerland
Johannes Njøs Amundsen

Kevin Andre Mo
Leon Servold Gåserud
Sebastian Docando Eggum

Søndag 24. mai kl. 13.00

Alexander Danielsen
Espen Oliver Thompson
Steinsåker
Helge Aaland Eggum
Lars Flatabø Kleiven
Oliver Buene Halveg
Tarjei Fykse Lomås
Victor André Olsen Elvheim
Øyvind Eiken Oppedal

FJÆRLAND KYRKJE

24. mai kl. 11.00

Jonas Bøyum Haugen
Mathilde Juklestad Sunde
Maren Mundal Skjelten

GUDSTENESTER I PÅSKA 2026

TORS DAG 26. MARS

Stedje kyrkje kl. 19.00: Salmekveld med tema "Påskesong"

SØNDAG 29. MARS – PALMESØNDAG

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 15.00:
Påskevandring frå bedehuset til stavkyrkja

SKJÆRTORS DAG – 2. APRIL

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Britabu kl. 13.00: Sportsandakt
Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:
Påskegudsteneste
Stedje kyrkje kl. 18.30: Orgelkonsert
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste

LANGFREDAG – 3. APRIL

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 18.00: Orgelkonsert
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste

PÅSKEDAG – SØNDAG 5. APRIL

Stedje kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

2. PÅSKEDAG – MANDAG 6. APRIL

Fjærland kyrkje kl. 11.00:
Høgtidsgudsteneste med minnemarkering



ORGELKONSERTAR FØR GUDSTENESTER I STEDJE OG LEIKANGER

I samband med gudstenestene i Stedje kyrkje, Skjærtorsdag, og Leikanger kyrkje, Langfredag, vert det ein kort orgelkonsert med kantor Hallgeir Øgaard Westli. Det vert musikk med tema frå påskeveka. Konsertane startar ein time før gudstenestene, og varer i ca. 40 minuttar. Konsertane er gratis.

PÅSKEVANDRING MED KYRKJEKAFFI PÅ KAUPANGER

Palmesøndag inviterer me heile familien til påskevandring på Kaupanger kl. 15.00 ved skulen/bedehuset, og endar opp ved og i stavkyrkja ca kl. 17.00 for ei avsluttande samling og påfylgjande kyrkjekaffi. Ein kjempefin start på påskefeiringa. Ta med deg store og små og kom!



Barnas



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?




Teikning: Trevor Keen



Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen

Vits:

- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

גכקק צד דלז דכזז

Det mystiske agentalfabetet:

η]zδκ71h274ΓεζσλϕγקלqδΔυδλγϑ
A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.



Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 2026

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn.

Babysong for 0-åringar.

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Kaupanger siste samling 15.april, Stedje siste samling 22.april og Leikanger 23.april. Me startar opp att til hausten. Sjå datoar på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Foto: Bo Malthisen/Dnk

Småtrolltrall for 1-3-åringar.

Me møtest kvar tredje torsdag på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane ligg på heimesida, i Kva skjer-appen og med oppmodar deltakarar til å bli med i SPOND-gruppa vår. Siste samling i vår er 16. april.



Foto: Birte Husum

Teikneseriebibelen.



Me har hatt utdeling av denne boka til 11-åringane med bibelforteljingar i teikneserieformat i vinter. Fekk du ikkje vore i kyrkja, kan du hente boka di på kyrkjekontoret.

6-åringane:

Påskefest for alle med utdeling av 6-årsbok: søndag 12. april.

- Ølmheim kyrkje: kl. 11.00
- Leikanger kyrkje: kl. 13.00

Blomstergudsteneste i Fjærland 14.juni kl.17.00. Utdeling av 6-årsbok. Alle ungar i Fjærland er invitert, og me har aktivitetar etter gudstenesta.

Dei andre sokna deler ut seksårsbøker i august på skulestartgudstenesta (Stedje, Kaupanger og Leikanger)

Velkomen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2025, eller kom på gudstenestene nemnt over og få boka der!

TÅRNAGENTDAG

LAURDAG 25. april i Stedje kyrkje for 8.- og 9-åringar. Kl.10-14. Me går på oppdaging i kyrkja, og til og med opp i kyrkjetårnet (for dei som vil). Det vert leik, symboljakt, mat, song, fellesskap. Me avsluttar med ei kort gudsteneste.



LIKAR DU Å SYNGE? Bli med i kor!

Barnekoret passar for deg som går i 4. - 7. klasse, og som er glad i musikk. Me øver annakvar torsdag på Stedjetunet. Sjå øvingsplan og meir info på heimesida. Kontaktperson kantor Hallgeir Øgaard Westli.



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idear på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike. Gje ein lyd til kyrkjelydspedagog Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld kyrkjeleg undervisning og læring i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn. Tlf. 947 98 799 eller e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no

For meir informasjon om ulike tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 2026

Balestrand sokn

Minikonfirmasjon for 11-åringar

Søndag 1. mars var det Familie-gudsteneste med utdeling av diplom og deltaking av Minikonfirmantane. Helga 24.-26. april reiser vi på Minikonfirmantleir på Alværa misjonscenter.



SommerTreff Sygna (13-16 år)

22.-26. juni

Går du på ungdomsskolen eller i 7. klasse? Då er du hjarteleg velkommen på Sommertreff i Balestrand. Dette er ein leir med god undervisning og mange kjekke aktivitetar. For meir informasjon og påmelding: sygna.no/meny/sommertreff. Har du spørsmål, kontakt Marta: mleodo@nlm.no



Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til song og prat på Helsestasjonen kl 11-12.30 måndag 13. april og 4. mai. Følg elles med på Facebook-gruppa Balestrand babysong eller ta kontakt med kyrkjelyds-pedagogen (466 97 476) om du er interessert eller har spørsmål.



Tårnagentdag i Sæle kyrkje

Laurdag 30. mai er alle som er fødte i 2017 og 2018 inviterte til Tårnagentdag i Sæle kyrkje. Her blir det mange spennande oppdrag for unge agentar. Vi håpar mange har tid og lyst til å vere med!



Nestenåring (5.-8. klasse)

– Fredagsklubb på Bedehuset kl. 18-20 desse fredagane: 17. april, 8. mai og 5. juni.



Ung Messe i Tjugum kyrkje

Fredag 29. mai kl. 22.00 vert det Ung Messe i Tjugum kyrkje. Gudstenesta er særleg tilrettelagt for ungdom i alderen 13-20, men er open for alle.



Samtalegruppe

Alle som går på ungdomsskolen er hjarteleg velkomne på Samtalegruppe annakvar tysdag kl 19.45-21.30 heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen, spelar spel og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)** kl. 17.30-19.00 onsdag i oddetalsveker
- **KRIK (14-20 år)** kl. 16.30-18 kvar fredag
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs kl. 20 kvar torsdag

Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand, ta kontakt med kyrkjelydspedagog

Magni Åm Risa
466 97 476
mr368@kyrkja.no

For meir informasjon om ulike tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*

—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og lupar.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
LIFTUTLEIGE

901 16 783

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK

SOGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriffornyng, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsengen-trafikkskule.no

VestlandsHus
TRYGGE HJEM

**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

EL-PROFFEN
JOSVANGER

Din lokale elektriker

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

RØYRLEGGJAR
ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**

57 67 11 11

sognkulde.no

dyreklinikken
- i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00

Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

Tenk deg ein kvardag
utan tilgang til reint vatn.

Dette er røynda for 800 millionar
menneske. Støtt arbeidet vårt for reint
vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

KIWI mini
pris

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

KIRKENS
SOS

22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND – TJUGUM KYRKJE

04.01.2026 Herman Husebø
04.01.2026 Matilda Erstad
04.01.2026 Olai Bjørk Hellenes (Leikanger)

FJÆRLAND

16.11.2025 Hedda Sæterdal Wefring (Vaksdal)
16.11.2025 Solveig Grønstad Langhelle (Etne)

KAUPANGER

16.11.2025 Ola Borlaug Wilhelmsen
18.01.2026 Hedda Skjerven Myklebust (Eid)

LEIKANGER

16.11.2025 Emil Skjeldestad Gjerde
16.11.2025 Marie Sandvoll Nordeide
16.11.2025 Thale Menes-Ask
01.02.2026 Jon Henjum (Oslo)

STEDJE

07.12.2025 Hedvig Gjerde Tuften
07.12.2025 Jon Bjørgum
07.12.2025 Linnea Uglum Listou (Leikanger)
07.12.2025 Magnus Fet Hillestad
11.01.2026 Daniel Hukset Orrestad
11.01.2026 Hedvig Jenssen Neset (Kaupanger)
11.01.2026 Helmer Hatlevoll Helle
17.01.2026 Ivar Kristoffersen Rygg
25.01.2026 Trym Sadek
01.02.2026 Emma Bøthun Navarsete
01.02.2026 Mathias Mo Åberge
01.02.2026 Ola Mork Thingnes
15.02.2026 Ellinor Ramstad Nornes (Kaupanger)

VIGDE

STEDJE

21.11.2025 Lena Hofslundsengen & Geir Selseng
21.11.2025 Hjørdis Foss & Robert Eineteig
23.12.2025 Renate Birkeland & Daniel Meisterplass
17.01.2026 Malin Kristoffersen & Per Thomas Loftesnes Rygg

GRAVLAGDE

BALESTRAND – SÆLE KYRKJE

10.12.2025 Audhild Eithun f.1939

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

28.11.2025 Emma Bale f.1932

KAUPANGER

21.11.2025 Sigvald Hundershagen f.1940
09.01.2026 Aslaug Eikemo* f.1943

* Gravferd i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

LEIKANGER

11.11.2025 Arve Christensen f.1944
13.11.2025 Oddvar Lundheim f.1938
20.11.2025 Solveig Hagen (Bisetjing) f.1929
18.12.2025 Solveig Hamre f.1939
19.12.2025 Olav Henjesand f.1942
06.01.2026 Asbjørn Paulsen f.1952
07.01.2026 Gjertrud Nesse (Bisetjing) f.1937
27.01.2026 Åsa Lund-Haugen f.2026

NORUM – ØLMHEIM KYRKJE

08.01.2026 Edit Flatland f.1933
08.01.2026 Ingeborg Endestad f.1927
14.01.2026 Einar Johan Heggstad f.1946
27.01.2026 Anna Skarsbø f.1929
30.01.2026 Astrid Tufte f.1933

STEDJE

14.11.2025 Alf Kristoffersen f.1938
28.11.2025 Per Myrhaug Dvergedal f.1930
03.12.2025 Kjellaug Ovrid Stigen f.1932
04.12.2025 Ragnhild Elisabeth Hollekve f.1947
11.12.2025 Alf Reutz Kollsete (Bisetjing) f.1937
02.01.2026 Berit Fredheim f.1958
09.01.2026 Aslaug Eikemo* f.1943
09.01.2026 Øyvind Hellevang f.1945
16.01.2026 Olav Drægner (Bisetjing) f.1943
20.01.2026 Cynthia Ann Litlabø (Bisetjing) f.1959
09.01.2026 Ingrid Brit Kristensen** (Bisetjing) f.1945
22.01.2026 Malena Nornes f.1930
06.02.2026 Kirsten Sigrun Uglum f.1939

* Kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

**Bisetjing i Åsane gamle kyrkje, urna setjast ned på Stedje kyrkjegard

Velkommen til gudsteneste

Med atterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einiskild gudsteneste.

MARS

22. MARS

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger kyrkjestove kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

29. MARS – PALMESØNDAG

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 15.00: Påskevandring frå bedehuset til stavkyrkja

APRIL

2. APRIL – SKJÆRTORS DAG

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Britabu kl. 13.00: Sportsandakt
Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30: Påskekudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

3. APRIL – LANGFREDAG

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Påskekudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Pasjonsgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste

5. APRIL – PÅSKEDAG

Stedje kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

6. APRIL – 2. PÅSKEDAG

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

12. APRIL

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Påskefest for alle
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Samtalegudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 13.00: Påskefest for alle

19. APRIL

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Ung Messe
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Ung Messe

26. APRIL

Leikanger kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste
Fjærland kyrkje kl. 15.00
Samtalegudsteneste

MAI

2. MAI

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste

3. MAI

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste
Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

9. MAI

Stedje kyrkje kl. 10.00: Konfirmasjonsgudsteneste
Stedje kyrkje kl. 12.30: Konfirmasjonsgudsteneste

10. MAI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste

14. MAI – KRISTI HIMMELFARTSDAG

Kaupanger stavkyrkje kl. 10.00: Konfirmasjons-
gudsteneste
Kaupanger stavkyrkje kl. 12.30: Konfirmasjons-
gudsteneste

17. MAI – GRUNNLOVSDAG

Stedje kyrkje kl. 10.00: Festgudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 10.00: Festgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 10.15: Festgudsteneste
Kaupanger stavkyrkje kl. 10.15: Festgudsteneste

Velkommen til gudsteneste

Med atterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

23. MAI – PINSEAFTAN

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste

24. MAI – PINSEDAG

Stedje kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 13.00: Konfirmasjonsgudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste

25. MAI – 2. PINSEDAG

Kvamsøy kyrkje kl. 12.00: Fjordgudsteneste – felles for heile prostiet. Båtskyss frå Kvamsøy kai går kontinuerleg frå kl. 11.00, kr. 60 t/r over 16 år. Ikkje oppvarming i kyrkja. Medbrakt kyrkjekaffi. Ny sti til Olavskjelda (2025).

29. MAI

Tjugum kyrkje kl. 22.00: Ung Messe (etter grilling på friområdet på Lunde)

31. MAI

Leikanger sjukeheim kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Tårnagentgudsteneste

JUNI

7. JUNI

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantjubiläum

14. JUNI

Sogn Folkemuseum kl. 11.00: Gudsteneste

Stølsberg, Vetlefjorden kl. 11.00: Misjonsgudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 17.00: Blomstergudsteneste

21. JUNI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Misjonsgudsteneste

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

28. JUNI

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

NYNORSK SALMEBOK 100 ÅR: FØREDRAG VED JENS BREKKE

I 2025 var det 100 år sidan "Nynorsk salmebok" kom ut - ei bok som gav språket vårt ei heilt ny stemme i kyrkja.

Torsdag 30. april kl 18.00 kjem Jens Brekke til Kaupanger stavkyrkje og tek oss med inn i historia om den nynorske salmeboka.

Føredraget vert krydra med felles salmesong og solosong ved Judith Vestrheim.
Inngang: kr. 100,-
Vel møtt!

STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Onsdag 8. april kl. 19.00

Onsdag 13. mai kl. 19.00